


# Årsmelding for 2023

## Styret

Kirsten Asheim – styreleiar  
Brita Helleland - nestleiar  
Anne Line Bjørnestad – styremedlem  
Evy Katrine Lidal – styremedlem  
Kinga Husabø – styremedlem  
Hildegunn Hellen – 1.vara  
Ann Cecilie Rinde – 2.vara



**Rekneskap:** Vik Rekneskap v/ Kjell Egil Hopperstad

**Revisor:** Arne Skeie, vara: Gyda Bøtun

**Valnemd Øydis Bøtun (leiar), Nils Ove Fosse og Målfred Holen**

**Barnas turlag:** Brita Helleland (leiar) og Anette Rinde Fosse

**DNT-UNG-gruppa :** Eirik Langeland Tistel (leiar), Jonas Langeland Tistel, Viljar Vikøren Vikestad og Sigrid Melheim. Vaksenkontakt: Jens A. Melheim

**Onsdagsturgruppa:** Hildur Turvoll (leiar) Aud Bell Hove, Reidun Flatland og Astrid Drægni

**Hyttegruppa** Nils Gunnar Finne (leiar), Kari Vold Olsen, Halvor Flatland

**HS Målsethytta:** Hanne C. Finne (leiar), Nils Gunnar Finne, Vidar Fosse, Darek Hauderowicz

**HS Jashaugbu:** Olav Bøthun (leiar) Jarle Breiland og Reidun Ovrid

**HS Sylvarnes:** Hanne Finne (leiar), Harald Hanekam og Karen Weichert

**Sti- og merkegruppe:** Karen Weichert (leiar), Anne Marie Bøtun Øyri, Nils Gunnar Finne

## Aktivitetar til styret

Det blei halde totalt 10 styremøte. Ann Cecilie Rinde og Kirsten Asheim representerte Vik Turlag på årsmøtet i DNT Sogn og Fjordane på Skei i januar 2023. Fellesmøtet for alle lokallaga i Sogn og Fjordane var i Kalvåg 28. og 29. oktober. Kari Vold Olsen og Kirsten Asheim deltok.

## Våre medlemmer som har verv i DNT Sogn og Fjordane

Karen Weichert – nestleiar

Jon Arne Kvåle – medlem i Kurs- og Fjellsport

## Rekneskap

Laget har i år samla driftsinntekter på kr. 221.285,68. Resultatet viser eit underskot på kr 143.096,69,-. Noko av underskotet skuldast «tilgjengeleghetsstiltak» på Målsethytta, - men her er me innvilga opp til kr 75.000 i tilskot frå DNT. Dette vert utbetaadt neste år. Kostnad i år på Sylvarnes er kr 355.000, dette står som krav på tippemidlar/mva-kompensasjon og skal gå omtrent i null. For detaljar, sjå rekneskapen for 2023.

**Turkart** Då vi nesten var tom for kart, vart det bestemt at vi skulle lage nye. Det syntet seg raskt at arbeidet vart meir omfattande enn først tenkt, og tida rann ut. Det vart derfor bestemt at me skulle trykke opp att det gamle, med nokre få endringar. Vi veit at det vil komme fleire endringar. Me sendte inn dei endringane me hadde, av både stiar og turomtalar. Ny reklame for Vik kommune og endra Verdsarvlogoen kom på plass også. Dette tok Fossøy seg av, og 24.04.2023 gjekk kartet i trykken. Vi fekk trykt opp 300 nye

kart og har seldt ca. 70 stk. Det opptrykket vi har av nye kart held i ca. 4 år. Arbeidet med nytt turkart må starta før det har gått 2 år. *Hanne Christin Finne*

## Undergrupper

### Barnas Turlag (BT)

#### Postkassene til Turbotrimmen

Kassane vart hengt ut rundt i kommunen. Det hang kasse ved Gunnarsete, Lee i Arnafjord, Brandholten, Klepp, Valanipa, Fjærrestadhovden, Vetlevarden Ramberastølen og Kongsgardhovden. Me delte på ansvaret for kassane, og dei vart hengt ut etter kvart som snøen trakk seg attende. Kassane vart teke ned att etter siste helga i haustferien. Dei som har fleire enn sju turar vil få premie under Nisseturen. I år er dette 28 ungar.

### KDU

Me arrangerte to KDU-dagar.

Vinterarrangementet vart utsett grunna vær og føre, men me fekk til eit bra opplegg litt seinare på vinteren. Me var på Kålsete i år også, og igjen fekk me besøk av Turboreven. Arrangementet var eit samarbeid med skigruppa. Det var både skikarusell og KDU parallelt, noko som var veldig vellukka.

I september var det samling i Kålhagen, der me samarbeidde med køyre- og ridekubben i Vik. Me leigde tre hestar slik at me kunne tilby gratis riding til alle barna. I tillegg var det grilling med servering av pølser og saft, og me laga ei turrebus rundt Gildhus.

### Fellesturar kvar månad

Målet var å ha aktivitet kvar månad, og det har me klart:

- I mars var det kveldsmattur i Ølsdalmarka
- I april var det skileik og aking på Fosse, i samarbeid med skigruppa. Turboreven kom skliande ned fjellsida, og delte ut påskeeegg til over 100 ungar!
- 17. mai deltok Turboreven på Flatbygdi skule. Også i år var det pilkasting og premiar det gjekk i. Dette er siste gangen me tek på oss dette oppdraget. Grunngjevinga er at 17. mai feiring på asfalten ikkje har så mykje med friluftsliv å gjere...
- I juni var det igjen fellestur frå Varpet til Ramberastølen. På grunn av få påmeldte vart det ikkje turrebus.
- I juli hadde me planar om å vera med Bygdekvinnelaget på hesjing i Feios, men på grunn av været fekk me det ikkje til. Me vil prøva igjen neste år!
- I august vart Steimshagen naturleikeplass opna. Det vart markert med felles tur under bringebærfestivalen.
- I september var det fellestur til området rundt Skjelinganosi, for å leita etter bergkrystallar. Det var stor suksess!
- I oktober blir det fellestur opp mot Steimshagen naturleikeplass, med bålbranning og lunsj- gjerne ved grindabygget.
- I november skal det vera lommelykttur inn mot Klyv
- Året vert avslutta med nissetur ved Nyastøl- slik som i fjar.

### Jentecamp:

Brita Helleland arrangerte jentecamp for sju jenter i alderen 12-14 år. Campen gjekk over fire dagar. Jentene fekk prøva havkajakk i Fresvik, dei var med på vandreteater, klatreparken i Voss, rafting, fjellfiske i Hestavatnet, overnatting på Målsethytta og

fjelltur tilbake til Kålsete.

SFT betalte store deler av campen, som vart rekna som eit integreringstiltak. Tre av jentene som deltok har komme til Noreg som flyktningar. Campen var heilt gratis å vera med på, for alle deltakarane. Det var 16 jenter som ønska å delta, så dette var eit populært tilbod. Når alle i primær- målgruppa hadde fått plass vart resterande plassar fordelt gjennom loddtrekning.

Brita Helleland var med jentene alle fire dagane, og fekk godtgjersle for det. Jentene var svært fornøgde med dagane, og håpar på jentecamp også neste år.

#### **Planar framover:**

Brita Helleland har teke initiativ til eit samarbeid med sti- og merkegruppa, der målet er å få betre framkomst og skilting inn mot leikeplassen. Neste år vil me henga opp ein postkasse ved leikeplassen, slik at alle som besøkjer den kan skriva namnet sitt. Neste år har me planar om like hyppige turar, men me vil prøva å leggja lista litt lågare på fellesturane. Det er nok å gå tur i lag, det treng ikkje skje noko meir enn det. Slik håpar me at fleire vil kunne ta på seg turleiarrolla. Dersom me får midlar til jentecamp vil me prøva å arrangere det neste år også

*For styret i Barnas turlag, Brita Helleland*

#### **UNG-gruppa**

I år har DNT ung gruppa i Vik ikkje hatt nokre store arrangement. Dette er på grunn av at det er få medlemmar i Vik.

DNT-ung har hatt treningstid i Blixhalli i år, men tida har ikkje vore nytta grunna lite interesse. Medlemmer i DNT ung som ønsker å klatre kan ta kontakt med Eirik på tlf : 949 79 192. *For DNT-ung Vik, Eirik L. Tistel*

#### **Onsdagsturgruppa**

Starten for onsdagsturane i år gjekk den 3. mai med 19 deltakrarar, ein god start. Gruppa har gjennomført 13 turar. Turen som var planlagt i Vangsnesmarki måtte avlyssast p.g.a. været. Me har hatt eit snitt på 15,5 deltakrarar per tur. På dei 13 turane har det total delteke 201 stk. Dette er nesten ei dobling i forhold til fjoråret. Ein grunn til auken er at ein del våre nye landsmenn har vore med på mange av turane.

Siste turen vart gjennomført 30. august og då gjekk turen frå Målsethytta til Høgali og tilbake til hytta der vi avslutta med ei matøkt.

Håpar på like god deltaking neste år. *Hildur Turvoll*

#### **Hyttegruppa**

Storarbeidet på Skulehuset på Sylvarnes vart utført sommaren 2023. Vik kommune eig huset, men etter avtalen skal Vik Turlag prøva skaffa økonomiske midlar ved større reparasjonar, og gjennomføra tiltaka. Vik Turlag v/Hyttegruppa har fått støtte frå: **XL-Bygg: 100.000,- Vik kommune: 150.000,- Sogn Sparebank: 50.000,- Sparebankstiftinga, v/DNT Sogn og Fjordane: 80.000,-**

Tilsaman 380.000,- som er utbetalt til laget. I tillegg er prosjektet godkjent for Spelemidlar (sannsynleg i underkant av 300.000,-), og me får kompensert for mva. Vik kommune har også stilt ein garanti på 300.000,- dersom ein mangla midlar til gjennomføringa. Denne treng me ikkje nytta. Rekneskap er ikkje ferdig sett opp, men totale utgifter vil liggja på underkant av 640.000,- inkl. mva. Hyttegruppa har i år følgt

opp søknadane om pengestøtte, planlagt tiltaket, engasjert utførande firma, utført byggeleiing og anna oppfølging i byggeperioden. Dessutan er det gjort ein god del dognadsarbeid. Prosjektet er ferdig, men det skal lagast nye kjellarlemmar og ny kjellartrapp, helst i løpet av 2023. Arbeidet som er utført er beskrive kapittelet om Skulehuset Sylvarnes.

I fjor fekk me støtte på 50.000,- fra Olav Thon DNT-stiftelse til sikringsarbeid m.m. på stien frå Nese til Otterskreda i Arnafjorden. Mykje arbeid vart utført i vår/forsommar som dognadsarbeid og med bidrag frå Geir Christian Otterskred og folket på Otterskreda til dognaden. I tillegg til sikring, er stien rydda og merka. Stien går i vanskeleg terreng, og dette gjer han framleis krevande.

Arbeidet med å legga inn nye foto frå hyttene, justera tekstu på heimesida til turlaget og på UT.no har me ikkje fått tid til. Men dette må prioriterast – det må også fornying av leigeavtalen med IL Modig vedr Jashaugbu

Det vart arbeidd ein del med justering av prisar på overnatting osv. på hyttene. Prisane var ikkje endra sida 2015. Me undersøkte, og la prisane på nivå mellom hyttene til Bergen og Hordaland Turlag/Voss Utferdslag, og hyttene til laga i indre Sogn. Prisane er publisert på Ut.no, og på plakatar på hyttene. *Nils Gunnar Finne*

### **Sti- og merkegruppe**

Gruppa hadde dessverre ikkje møte i år. Vi inviterte til ein merkedugnad via nettsida og Facebook, dessverre utan å få respons.

Det er i 2023 likevel blitt utført ein god del re-merking i vårt T-merka stinett, både merking med farge og rehabilitering av varder. Dette er gjort på stiane kommunegrensa - Hestavollen, , Hestavollen - Målset, Målset - Flatfjellet (merking må gjerast i 2024), Flatfjellet - Dalbotnen, Flatfjellet - Liabakken (merking må gjerast i 2024) og Liabakken - Unnardal. Det blei laga eit nytt skilt for stikrysset på Flatfjellet. Takk til Nils Gunnar, Hanne og gjengen.

Sti-og merkegruppa er framleis ikkje i mål med å fornye fadderordningane for turstiane i kommunen som er skilta etter nasjonal standard. Det manglar framleis avtalane for stiane i Arnafjord, for Vangsnes-Kallbakk og avstikken til Kvitenjuk. *Karen Weichert*

### **Medlemstal**

Alderssamansetting på medlemmane pr 23.10.23

	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
0-13	41	43	44
14-26	27	28	33
27-49	41	42	41
50-66	48	45	48
67-86	30	26	31
	187	184	197

Vik Turlag har i år gjeve ut sin vanlege **informasjonsfaldar**. Det blei laga ein

fellesplakat for alle turane, denne vart hengt opp rundt om i kommunen. Turane blei annonserete på nettsida og facebooksida til VT.

Heildagsturane var i tillegg med i DNT Sogn og Fjordane sin turfaldar. Denne var sendt ut som eit vedlegg i «Fjell og Vidde». Dårleg ver gjorde at 4 turar vart avlyste.

Turar og turpostar				
	Turar		Deltaking	
	2023	2022	2023	2022
Barnas Turlag	8	8	274	310
Onsdagsturar	13	14	201	102
"Kom deg ut" dagar	2	1	100	76
Opptur 8.klasse	1	1	33	26
Søndags- og helgeturar	8	6	64	74
Totalt gjennomførte	<b>32</b>	<b>30</b>	<b>672</b>	<b>588</b>
avlyste	4	4		

KDU-dagar er arrangert ilag med andre lag. Talet er "over 100"

Det er gledeleg å sjå at deltakinga på onsdagsturane er nesten dobla og at Barnas Turlag sine fellesturar framleis er høg. Dette er veldig positivt og styret set pris på kreativteten i Barnas Turlag

### Digitale turpostar

Det er per i dag 15 digitale turpostar som er publiserte i Vik turlag sitt område. Desse blir administrerte i UT.no. Det finst fleire upubliserte turpostar, men desse manglar enten betre tekst eller bilet, som er eit krav for publisering.

Turpost-besøk mellom 24.10.2022 og 24.10.2023 var slik:

			Løa ved		
			Gunnarsetestien		10
Brandholten	6	Halldorslifossen	0		
Breiddalsvatnet	1	Håaklukjen	1	Målsethytta	4
Daurmålshaugen	16	Holten	2	Ramnaberg	1
Gamle skulehuset på Sylvarnes	5	Jashaugbu	0	Soleisete	1
Gunnarsete	14	Kvitnjuk	1	Synshovden	8
		2022 -71 stk		<b>Innsjekk totalt</b>	<b>69</b>

Dette må verte eit av satsingsområda til neste år !

### Fysiske kasser:

**Valanipa** 593 besøk i 2023 mot 375 i 2022

**Gunnarsete** 76 besøk i 2023 mot 66 i 2022.

Ein god del av dei som har skrive seg i boka på Gunnarsete er utanlandske. Stien til Gunnarsete er mykje brukt, så dei fleste skriv seg nok ikkje i boka.

## **Opptur for 8.klasse**

Vik Turlag inviterte elevane i 8. klassane i Vik og Feios til Opptur onsdag 3. mai. Nils Kvamme tok på seg å vere turleiar og arrangør også i år. 33 elevar og to lærarar vart køyrd

med buss til Borlag i Feios, og turen gjekk til stølen Rabnaberg 550 meter over havet. Etter turen var det grilling av pølser. Ein elev, saman med ein klassekamerat, kunne vinne billett til Base Camp på Bulandet/Værlandet i august. Det vart ein fin tur som Nils Kvamme har all æra for.

## **Hytter**

### **Målsethytta**

Det har ikkje vore nokon styremøte i løpet av året.

Vi har fortsatt arbeidet med å oppgradere hytta.

Det har blitt lagt på grus frå parkeringsplassen til inngangen ved hovedhytta og grus og skiferheller mellom hyttene- dette var ikkje vellykka, kyrne trakka dei i stykker.

Vi har starta oppgradering av heile det elektriske anlegget. Hovedansvarleg er John Ronny Hove, Svein Inge Vold og Geir Årestrup har utført arbeidet so langt. Buene ved inngangspartiet på hovedhytta er ferdig innvendig og dei har fått lys i taket. Vi har fått på plass ei bålpanne mellom hyttene, denne vert satt inn på doen om vinteren.

Vi vurderer om me skal sette opp eit gjerde mellom hyttene for å halde kyr/ sauер vekke frå plassen mellom hyttene. Vannstokken på hovedhytta er grunna og malt 1 strøk med maling.. Alle dører i 1. etasjen har blitt skifta, døråpningen har blitt utvida og dørkarmene er malt i kontrast farge. Vi har søkt DNT om støtte for å gjøre hytta tilgjengeleg for personer med nedsatt funksjonsevne. Vi har fortsatt med å male soverommene i 2. etasje, nå gjenstår bare 4 av 8 soverom. Håper å få gjort meir i løpet av vinter/vår. Skifta sengetøy på alle senger, vaska og tørka støv.

Vi har køyrt opp 60 sekker med ved pr. 30.09.23 Også i år hadde vi påskegjester frå Storetveit menighet, dei utgjer hovedtyngda av overnattingsdøgn i hovedhytta.

Besøkstala for hytta er 451 overnattingsdøgn (478- 2022), 310 i hovedhytta og 141 i vetlehytta.

Gjestene kjem frå Noreg, Frankrike, Finland, Tyskland, Nederland, Italia, Portugal, England, Spania, Danmark, Østerrike, Belgia og Sverige.

*For styret Hanne Christin Finne*

### **Jashaugbu**

Jashaugbu har i 2023 frå perioden januar til september hatt 78 registrerte betalande gjester med overnatting frå ein til fleire dagar. Same periode i 2022 var 61.

Hytta har hatt påfyll av to 10kg gasskanner, og ved i februar og september, samt olje

til oljelamper, bytte av vaskefiller og tørke-klutar. Har hold på ordninga med bestilling av hytta via e-post eller via direkte kontakt med meg på telefon og melding. Detta har gått relativt greit, med ein ganske travel periode i sommarmånadane.

*Tilsynsnemda v/ Olav Bøthun*

### Sylvarnes

Det har vore omfattande arbeid på skulehuset i heile sommar. Det største tiltaket har vore omlegging av taket. Arbeidet er utført av Vik Byggeservice. Dei har vore to mann, og budd på skulehuset. Dei har stort sett reist ut sundag kveldane, og til Vik att fredag kveld. Dei har laga mat og utført rydding/noko reinhald. Litt arbeid har dei også utført som dugnad. Sannsynleg er det ingen andre firma som ville utført eit slikt arbeid, til ein helst rimeleg pris. Veret har også vore vanskeleg. Vik Turlag har utført ein del dugnad. I hovudsak er følgjande utført på taket:

- Teke ned all skifer og fjerna all spikar i sutaket.
- Reparert sutaket der dette var råte etter langvarig lekkasje.
- Lagt duk med dampbrems.
- Lagt sperr for oppforing.
- Isolert med 150 mm mineralull.
- Undertaksduk.
- Sløyfer og lekter.
- Nye vindskier og dekkbord.
- Snøfangarar, takstige, takrenner og nedløp.
- Skifer borene opp på taket og montert på ny. Øydelagd skifer erstatta.

Magne Sylvarnes saga ein god del material frå eigen skog til arbeidet. Han stod også for all transport frå kaien og opp til skulehuset med traktoren, 30 – 40 turar. Han var også med på dugnader.

Skorstein var i elendig og ulovleg forfatning. Gjekk ikkje an å feia. Er no reparert og alt etter lova. Arbeidet utført av Rørvik Bygg og Betong:

- Mura opp att pipa over tak. Forhøga med gammal teglstein.
- Nytt keramisk pipeløp senka ned i det gamle.
- Ny omn montert og kobla til det nye pipeløpet. Omn omplassert bl.a. for å kunne feie pipe.
- Ny brannmur. Flikking og måling.

Alt arbeid er fagmessig og fint utført. Arbeid med opp-pussing innvendig i huset kan starta, no når taket er tett. Det er rikeleg med arbeid som kan utførast frametter.

I tillegg til storarbeidet, er det utført mindre vedlikehaldstiltak, og det er kjøpt plenklyppar til pynting rundt husa. Bålpanne kjøpt frå Vik Fengsel. Harald Hanekam har levert ved til skulehuset. Vi har hatt vaske og rydde dugnad både i vår og i haust. Sengekleda vart levert til ASVO for vask.

Skulehuset har vore ope for gjester under heile byggeperioden, med noko begrensa kapasitet, og nokre ulemper. Likevel har besøkstalet vore godt. Det er registrert minimum 126 overnattingar for 2023 (120 i 2022). Bergen og Hordaland Turlag er viktig med tanke på besøk. Også nokre utanlandske gjester; frå England, Tyskland og Canada. I tillegg har arbeidsfolka overnatta 50 døgn.

## Ymse

Me arrangerte «**Fest for frivillege**» på Målsethytta ein fin fredag i juni. Me tinga grillmat frå Vikja. Festen var vellukka sjølv om det dessverre var mange det ikkje høvde for.

DNT sentralt har gått over til **nytt datasystem**. Det gamle Sherpa som me kjende så godt er lagt ned. Vik Turlag er godt i gang med den nye heimesida.

### Utstyr

Vik Turlag har til utlån til medlemmane: ein kano, 6 par truger og 4 skredsokarar. **Lagerplass** er den same som før i kjellaren under Vik Tannlegesenter. Nøkkelen er deponert i eit nøkkelskap med kodelås ved inngangen.

### Sponsor

Vik IT-Partnar, no Sognenett IT vart Vik Turlag sin sponsor i 2020 og skal få logoen sin på den nye nettsida vår. Vik Turlag kan skrive ut plakatar og andre dokument gratis.

Tusen takk til alle som har bidrege til aktiviteten og dugnadane i år!

Vik 20.november

Kirsten Asheim - leiar

### 2024

1	21.apr	Skitur til Havren	Nils Gunnar/Voss Utferdslag
2	nai	Opptur 8.klasse - tur i nærområdet - Klyv ?	
3	30.jun	Kleberg/Kvannholten	Hanne Finne
4	07.jul	Storehogen - Kaupanger	Jon Arne Kvåle
5	18.aug	Kvilesteinsvatnet - Hundeggi -Selhammer - Gryteberg	Jan Kåre Fosse - kjentperson
6	23.-25. aug	Helg på Leirvassbu - Stetind	Jon Arne Kvåle
7	01.sep	Nonhaugen - Fresvik	Øydis Bøtun
8	08.sep	Fagerdalsnipa/Torskanesgluvra	Sven Egil Finden
9		Vil/kan me ha ein tur	